



Det er i dette området Tor Ove Rød ynskjer å byggja bustadhus nummer to. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skal Tor Ove Rød i Uskedalen gjes løyve til å byggje bustadhus nummer to på eigedommen sin og då i strandsona? Han har søkt om dispensasjon fordi han har overteke bruket og ei tante av han har burett i hovudhuset så lenge ho lever. Saka hadde ein ny runde i siste møte i forvaltningsstyret, etter at Rød hadde påklaga det negative vedtaket i saka sist vinter.

No vart saka utsett for synfaring. Dette vedtaket vart fatta med 10 mot ei røyst – Jostein Grov røysta i mot.

Bruket Rød eig har eit totalt areal på 70 dekar der 14 dekar er dyrka og resten er skog, Det er ikkje drift på bruket. Det arealet han ynskjer å byggje på ligg mellom riksvegen og fjorden og i gjeldande kommunedelplan, som vart godkjent for tre år sidan, vart arealet avsett til LNF-føremål. Heile parsellen ligg innafor 100-metersbeltet langs sjøen. Adninstrasjonen anslår at den ligg innanfor funksjonell strandsona, som det heiter i saksutgreiinga.

Viss det skal gjes dispensasjon, lyt det liggja føre særlege grunnar. Som døme her nemner administrasjonen tilhøve der vurdering av arealbruken er endra etter at det vart utarbeidd plan, eller at tidsfaktoren tilseier at ein ikkje bør avventa ei planendring. Særlege grunnar skal vera spesielle, ikkje generelle.

I denne saka kan ikkje administrasjonen sjå at det føreligg særlege grunnar. Det er mykje areal i området som er betre egna til byggjing enn det Rød ynskjer å byggje på. Driften på bruket er ikkje av sin slik karakter at det er naudsynt med to hus, meiner administrasjonen. Det er tidlegare delt frå fleire tomter i eit lite felt ein annan stad på eigedomen. I nærleiken av desse er ein mykje betre plassering av eit eventuelt hus nummer to.

Rød seier i klaga si at han er open for å se på andre plasseringar av bustadhus nummer to. Men denne bør liggja på nedsida av riksvegen då hovuddelen av bruket er der. Til dette seier administrasjonen at plassering som omsøkt vil punkttere eit samanhengande landbruksområde og ut frå aktiviteten kan ein ikkje sjå at det er trong for to bustadhus, Rød eig i dag hus på tomt som er skild ut frå bruket og som grenser til dyrka mark på to sider. Administrasjonen kan ikkje sjå at det føreligg nye, vesentlege opplysningar i saka og heller ikkje særlege grunnar, men politikarane har altså sagt ja til ei synfaring.

Av Ola Matti Mathisen